

Holen (gnr. 86)

Holen: Gardnavn som kjem av naturnamnet hole, liten skogkledd haug på lågare lende, ein hole – holen – Holen. Etter namnet og slik som garden ligg til, kan Holen godt vera opphavsgarden i Søre Ål.

I skrivne kjelder vil ein finne garden ”Hollenn” nemnt i 1594. Garden er da rekna i gruppa for ”Hallfue gaarde”, og svara 30 sk. i skatt, som Langsettir og Bredsettir, men Skursettir og Traasettir svara da 60 sk. i skatt. Ein mannsalder seinare hadde brukaren i Holen det bibelske namnet Lucas. Kanskje var han ætta frå ein av dei som hadde vore på pilgrimsferd til Det heilage landet, ein av dei som kom att, og ikkje vart borte som Halvarder Eivindsson på Øyre. – Etter atter ein mannsalder var i 1668 Thorkild Lucasson brukar av Holen. Namnet på garden er da skrive Hoelen, og det er opplyst at landskylda av Holen var 1 hud ell. 1 ½ pund smør, men Thorkild var sjølv odelseigande bonde av garden sin. Om garden og gardsbruket i den tid er det elles fortalt at buskapen av store husdyr var 2 hestar og 12 naut, og den årlege korntienda vart utreidd med 2 tønner, som altså svara til ei årsavling på 20 tn. Vidare er det fortalt at enga, innmarka var god, og at meir kunne dyrkast. Garden hadde alt da seter på Nordsetra, og hadde dessutan fjellslåttar til 2 lass høy. Om den mannlege arbeidshjelpa på garden er det i 1665 opplyst at det da var både tenestkar og husmenn der. Etter atter ein liten mannsalder fekk i 1684 brørne Ole Torkildson og Mads Torkildson skjøte på ”al odels og aasædesret til deres faders gaard Hoelen”.

Om bruket Slottereng under Hoelen handlar ei sak frå 1721. Hr. generalmajor Kruse gav da odelsbrev til Arne Tommesen Breset på Slotterengen under Holen av skyld 1 skinn. Meir om Holen m/Holslien går fram ab matrikkelframlegget av 1723. Der er det fortalt at garden ligg i sollia, at jordarten er god, og at Holen alt da var ein lettbrukt gard. Husdyrhaldet i Holen var da 2 hester, 1 føl, 13 naut, 9 sauер og 7 geiter, og den årlege utsæden var 4 tønner bygg og litt rug. Det var skog nok til brenneved og gjerddefang, seter med god hamn og eiga kvern. Landskylda av garden var framleis 1 hud 1 skinn, og eigar og brukar av Holen i den tid var Torkild Madsen.

Av 1730 er ei tinglyst sak mellom husmannen og husbondsfolka. Saka, som var fore ved to tingmøte, er elles etter utskrift av tingboka referert slik: ”Hoelen i Fåberg. Torkild Hoelen har innstevnt sin husmann Anders Larsen Hoelstuen fordi han avvikte sommer og høst har ført en del usømmelige ord og tale om citanten.

En del vidner ble avhørt. Anders Larsen Hoelstuen, som ikke møtte, forelegges å møte til neste ting. 12. Juli 1730.

Avsagt: Det er med mange vidner bevist at innstevnte Anders Larssen Hoelstuen far tillagt citantens hustru Guri Johansdr. adskillige usømmelige gjerninger, trolldom og signeri m.m. Da Guri Johansdr. således ved Anders Larsens ubevislige beskyldninger er angrepet på sin ære og navn og rykte, så kjennes for rett: At Anders Larsen Hoelstuen etter loven bør bøte 3 mark som løgner, og da han intet har at bøte med, bør han slåes til kagen og bære stene av bøygð. Og hans beskyldninger bør ikke komme Guri Johansdr. til nachdel eller æres forkleinelse i nogen måde”.

Torkild Madsen var framleis brukar av Holen i 1744. Han hadde da lånt 200 rd. av Amund Øyre mot pant i ”Hoelen” av skyld 1 hud 1 skinn. Pengane skulle truleg brukast til nybygging og restaurering av husa i Holen. – Men sju år seinare gav i 1751 Torkild Holen skjøte til Mads Olsen på grd. Holen av skyld 1 hud 1 skinn for 200 rd. + føderåd til Torkild og Guri Holen av grd. Holen.

Om strid mellom grannar handlar ei tinglyst sak som etter utskrift har denne ordlyden:

Hohlen. Tgl. 18. Juni 1757. Jeg underbekræftende Even Christensen Langsett av Lille Hammer Annex til Faaberg tilstaar herved og bekient gjør at ligesom det skeede av vildfarelse, at ieg i sistavvigte aarshegnede hiemhage uden ejermanden Mads Hohlens vidende og lov, saa declarerer ieg for proces og bekostning herved at forekomme at denne hugst er av mig begaaet imod Lov og billighed. Lovende

derhos aldrig saa oftere at handle saasom ieg erkiender Mads Hohlen, som ieg venter finder sig med denne min declaration fornøjet uden derom videre Seg at reise. Til hvilken ende ieg denne min declaration eegenhendig har underskrevet og forseglet samt formaaet de 2de mænd Christen Nordre Langsæt og Lars Høstmælingen at bekræfte. Langsæt den 21de Maji 1757.(L.S.) (L.S.) (L.S.)

I denne tid var det etterkvart vorte meir pengar blant folk, og gardane hadde stige sterkt i pris. Da Mads Olsen Hoelen i 1781 skjøta garden til eldste sonen sin, Torkild Madsen, var kjøpesummen såleis 1 000 rd. + føderåd til foreldra for levetida. Men det bør her leggjast til at med i handelen var og betaling for heller ikkje så lite lausøre.

Sytten år seinare var det Christen Olsen som hadde tatt over og hadde garden Holen. Han gav da skjøte til peder Ellingen på engelandet Holshagen under grd. Holen, skyld 1 ½ skinn, for 400 rd. Dette galdt nok elles øvre Holshagen; for i år 1800 hadde Christen Olsen Holen og selt Nedre Holshagen med engelandet Engesveen og 3 mælinger i Holssvehagen til Christen Larsen Flugsrud. Det her omhandla var og skyldsett til 1 ½ skinn.

Etter dette budde det ved folketellinga i 1801 6 familiar på og/eller ved Holen. Det var:

1. familie: Christen Olsen, husbonden, 30 år, 2. Eli Thorkildsdtr., kona hans, 22 år, 3. Anne, dotter deres, 1 år, 4. Erik Alfsen, tenestkar, 18 år, 5. Mari Amundsdtr., legdbarn, 11 år, 6. Mari Pedersdtr., tenestkvinne, 69 år, 7. Eli Larsdtr., bestemor til kona, føderåd, 74. 2. familie: 1. Thorkild Madsen, husmann med jord, 51 år, 2. Berit Iversdtr., kona hans, 49 år, 3. Iver Thorkildsen, son dere, 16 år, 4. Inga Pedersen, enke, tenestkvinne, 39 år, 5. Arne jonsen, son til Inga, 7 år. 3. Familie: 1. Peder Olsen, husmann med jord, 66 år, 2. Eli Larsdtr., kona hans, 63 år, 3. Christian Poulsen, legdbarn, 9 år. 4. Familie: 1. Christen Larsen, husmann med jord, 26 år, 2. Sigrid Jonsdtr., kona hans, 31 år, 3. Berit, dotter deres, 5 år, 4. Kjersti, dotter deres, 4 år, 5. Jon, son deres, 3 år, 6. Sidsell, dotter deres, 1 år. 5. Familie: 1. Ole Christensen, husmann med jord, 36 år, 2. Eli Pedersdtr., kona hans, 38 år, 3. Berte, dotter deres, 7 år, 4. Peder, son deres, 5 år, 5. Christen, son deres, 1 år. 6. Familie: 1. Ole johansen, husmann med jord, 45 år, 2. Lisbeth Guttormsdtr., kona hans, 47 år, 3. Sigrid, dotter deres, 16 år. 4. Berit, dotter deres, 9 år.

Av 1801 er og eit skjøte som nemner fleire parsellar av jordveigen under Holen ved namn. Skjøtet har elles i utskrift denne ordlyden:

"Holen. Skjøte dat. og tgl. 181, febr. 16, fra Christen Olsen Hoelen til Torrchil Madsen på følgende jordstykker under Hoelen: "et jordstøkke i Aggerjordet med Engelandet Rødningen, den Midtre Plads ved Hoelen, et støkke i Engesveen 5 mælingssænger neden og bendt derifra op til Hiørnet paa Engesveen, et støkke i sveen kaldet Lille Lyenget, den nye sætterløkke i Nordsæteren dog undtages fra dette Kiøbsalg det Engeland i Holesveen som har tilhørt og liget under denne Midtre plads Holen. Dette er skyldlagt for 2 ¾ skind iflg. Skyldsetning ved d.d. Kjøbesum 490 rd."

I samband med denne handelen lånte Torkild Madsen Holen 399 rd. av Jørgen Christensen Sorgendal mot 1.pr.pant i plassen Holshagen, som sikkert vart utvida med dei innkjøpte jordstykke som handelen galldt. Vidare skjøta i 1802 Christen Olsen ein parsell av grd. Holen til Peder Jørgenen Hammerseng og Jørgen Christensen Sorgendal for kjøpesum 920 rd. Endeleg selde i 1805 Iver Torkildsen Holen ved curator Thomas Olsen Bjørstad odelsretten til garden Holen av skyld 1 hud 1 skinn til svogeren Christen Olsen Holen for 70 rd. og nokre klede m.m. På dette skjøtet er det elles eit avsnitt som etter utskrift lyder slik:

"Før sistleden jul hadde Iver Torkildsen utsagt sin svagar Christen Olsen til å fravike og ryddiggjøre gården Hoelen som hans odelsgods, men da han ved nærmere eftertanke finner det er forbundet med store vanskeligheter å drivegårdsbruk og dessuten er blitt utkommandert i kongens tjeneste, så selger han sin odelsrett til denne sin svoger".

Dessutan er dette seinare tilført:

"Christen Olsen har kontant betalt 48 rd. De øvrige 21 rd. 2mark lover han å betale ved Christiania Marked neste år."

Etter atter to år gav så i 1807 Torkild Madsen skjøte til svigersonen sin, Ole Sørensen Hala, på pl. Holshagen av skyld 3 skinn for 599 rd. + føderåd. I 1815 var det Peder ellingsen som hadde Engelandet Holssveen. Han gav da skjøte på dette bruket til Halvor Pedersen for 290 rd.

Litt meir om Holen og tilliggande bruk i den tid går framav matrikkelframlegget av 1819. Der er det om sjølve garden Holen i Søre Ål opplyst at buskapen av store husdyr da var 3 hestar og 12 naut, og den årlege kornavlinga utgjorde ca. 48 tonner. Samtidig er det fortalt at på Holshagen Øvre var husdyrhaldet 1 hest saman med Holshagen nedre, og kvart av bruken hadde elles 4 naut. Den årlege kornavlinga utgjorde på kvart av bruken 9 tn.

I panteregistret frå denne tid er bruket øvre Hagen under Holen rekna som bruksnr. 1, og det er vidare opplyst at i 1823 var husbonden Ole Sørensen død, og enka Kari Torkildsdtr. gifta seg oppatt med Ole Jensen. Det var elles enka Kari Torkildsdtr. som hadde heimel på dette bruksnr. under garden., og ho gav i 1848 skjøte til svigersonen Engebret Olsen Lilleberget for kjøpesum 400 spd. + føderåd av 5-årleg verdi 125 spd.

På bruksnr. 3 Holshagen nedre var det i 1819 Christen Larsen som var brukar, men han gav i 1828 skjøte til Hans Pedersen, som i 1837 selde nordre Holshagen vidare til Hans Pedersen, som snart etter gav skjøte til Ole Engebretsen. – På brn. 2 Holen med Engesveen var det i 1820 Christopher Larsen og kona som var husbondsfolk, men dei gav i 1837 og 1839 skjøte på denne eigedomen til kjøpmann C. Andersen.

I samband med folke- og jordbruksstillingane i 1865 vart det publisert fleire opplysningar om gardane. Der er det såleis om sjølve garden Holen fortalt at det samla jordbruksareal av åker, eng og seterlykkjer i den tid utgjorde 499 mål, og av dette var 175 mål jord av 1. klasse. Av Holen hadde dessutan J. Sorgendal framleis eit jordbruksareal på ca. 62 mål med 17 mål jord av 1. klasse. På Holshagen øvre var dei tilsvarende tal: 73 mål og 27 mål, og på Holshagen nedre var tala 64 mål og 13 mål. Samtidig er det opplyst at husdyrhaldet og den årlege utsæden på sjølve Holen gard i den tid utgjorde 6 hestar, 31 storfe, 32 småfe, og utsæden var 17 tønner korn og 19 tønner settepøteter. På Holshagen øvre vardei tilsvarende tal: 2 hestar, 4 storfe, 4 småfe, og utsæden: ca. 3 tn. korn og 4 tn. poteter, og vidare på Holshagen nedre: 1 hest, 2 kyr, 4 sauvar, og utsæden: Ca. 2 tn. korn og 3 tn. settepøteter.

I 1875 gav Engebret Olsen på øvre Holshagen først skjøte til kjøpmann C. Andersen på ein parsell av Holshagen øvre for kjøpesum 500 spd., og 2 år seinare selde han så resten av eigedomen med ein dei lausøyre til sersjant Syver Johannessen Hammer for sum kr. 1600,- + føderåd av 5-årleg verdi 300 kr.

Holshagen nedre, Holen, brn. 2, tilhørde i 1884 Jens Olsen Holshagen, men han skjøte da garden til Simen Jensen og kona hans for kjøpesum kr. 1700,- og føderåd av 5-årleg verdi 800 kr. – På brn. 2 Holen med Engesveen var framleis kjøpm. C. Anderseneigar av garden i 1877. Men det same året skjøta han så garden ”Holen” med undtagelse av seterbruken Løvesaasen, Messen saugen, Fabrikker og Indredninger” til sonen A. Andersen for kjøpesum kr. 23000,- + eit føderåd verdsatt for kr. 2500,-. Samtidig gav elles kjøpm. C. Andersen skjøte til Fredrik Arnesen Finsveen på brn. 4 seterbruken Løvesaasen for ein kjøpesum på 125 spd. Ein merker seg her at ved desse handlane det same året, 1877, er kjøpsummen i det eine tilfelle oppgitt i pengeininga kroner og i det andre tilfelle i pengeeingninga spesiedalar. – I 1877 var det vidare framleis Jørgen Sorgendal som var eigar av brn. 4 Holsveen, men i 1902 selde J. Sorgendal dette bruket til Th. Enger.

År 1886 kom den lenge førebudde nye norske matrikkelen, og gardane fekk nye gard-s- og bruksnummar og ny matrikkel skyld rekna i mark og øre, og slik at det vart 100 øre i 1 mark. – Holen i Søre Ål fekk da grn. 86 av samla skyld 22,63 mark, og det var da 4 brn. Under grn. 86 Holen. Det var grn. 86, brn. 1 Holen, Hagen øvre, av skyld 2,56 mark, som Syver Johannessen Hammer var eigar eller brukar av, brn. 2 Holen av skyld 18,56 med Alexander Andersen so eigar ell. brukar. Brn. 3 Hagen

nedre , skyld 1,32 mark, eigar ell. brukar: Simen Jensen og Regine Jensdtr., brn. 4 Løvisaasen, skyld 0,21 mark, eigar ell. brukar: Ole Hansen Askelund.

På Holen brn. Holshagen øvre av skyld 2,56 mark hadde brukaren i 1886, Syver Johannessen Hammer, garden til i 1933, da han selde den til Olaf Hammer. – På brn. Holen av skyld 13,56 var A. Andersen framleis eigar av garden til i 1893. Da ga han, med baker O. F. Myhre som verge, skjøte til O. P: Krogsti på grn. 86, brn. 2 Holen m/Engesveen og dessuten Holme skog (52-5) og Vesleseterenga (75-1) i Fåberg og Rognhaug seter og Sveum i Øyer for samla kjøpesum kr. 51000,-. Unntatt ved handelen var enda Holsvea, som seljaren framleis ville ha tilbruk og nytte. Kjøparen O. P. Krogsti hadde dei til seg handla eigedomane i Fåberg og Øyer til i år 1900. Da selde han dei under eitt til Th. Enger for 88000,-. Kjøparen ved denne handelen hadde så eigedomane grn. 57 – brn.4, 52-5, 75-1, 87-9, 88-2, 88-7, 87-17, 73-3 og 36-2, til i 1911, da han gav skjøte til Arne Færden på tils. Kr. 116000,-. Frå same året er ei erklæring dat. 3. Febr. der kjøparen oppgir at det skogsareal han etter denne handelen hadde i Fåberg utgjorde ca. 2150 mål. Same året vart og brn. 7 Høienshal fråskilt Holen og vart skyldlagt til 0,02 mark.

Andre handlar frå a1890-åra er at i 1898 gav Regine Jensdtr. og Even Olsen skjøte på brn. 3 Holshagen av skyld 1,32 mark til Jørgen Stenseng for kjøpesum 4500,-. Ole Hansen som i 1886 var eigar av. Brn. 4 Løvesaasen, hadde dette bruket til i 1900. Da vart dei to parsellane brn . 5 Finsvestykket og brn. 6 Fjeldheim frådkilt brn. 4 og selt til lensmann th. Fliflet og Ole Hansen Randgaard.

Av handlar i seinare tid med Holen og/eller parsellar av garden tek vi elles med at i 1913 kjøpte Jens Homb grn. 86 brn. 8 og 9 Holshageringen og Holshageenga. Men serleg frå 1915 til 1922 vart det unnaselt ei heil mengd parsellar. Såleis kjøpte i denne tid: Anton Høstmælingen brn. 11 Løkken av skyld 0,90 mark, Olaf Hammer kjøpte brn. 12 Engesveen, skyd 1,13 mark, brn. 13 Bekkelund, skyld 0,80 mark vart seld til Julius J: Bækkelund, og Magnus Skjellerudmoen tilhandla seg brn. 16 øvre Grøtåsteig. Brn. 19 Hagehaugen øvre kjøpte Hans Høstmælingen og Gudbr. Tølløvrud isaman, og brn. 24 Hjemhagen av skyld 0,23 mark vart selt til Ole O. Wiste. I nyare tid kjøpte så Jon Nilsen brn. 33 og 34 Jonsrud og Løkken, og Enerhaugen brn. 36 vart i 1933 seld til Olaf Hammar.

Ved jordbruksregistreringa i 1939 var det vorte 40 bruksnummar under gardsnummar 86 Holen. Blant desse var mange bruksnr. var det likevel berre 5 bruk som da hadde eit jordbruksareal av åker, hage og eng på meir enn 10 mål (da). Det var: a. Grn. 86, brn. 1 Holshagen øvre med eit jordbruksareal på ca. 50 mål, som Peder Gjøsti da var brukar og eigar av. b. brn. 2 Holen, areal ca. 100 mål, eigar og brukar: Einar Jensen, c. brn. 13 Bekkelund, eigar og brukar Julius Bekkelund, d. brn. 21 Nygård, areal ca. 12 mål, eigar og brukar: Kari Haug, e. brn. 11, 12 Holshagen, areal ca. 45 mål, eigar og brukar: Alf Andersen.